

Transport- og kommunikasjonskomiteen på Stortinget

Vestlandet treng ei leveleg ferje- og snøggbåtfinansiering

Fylkeskommunane på Vestlandet vil levere på Stortinget sitt ønske om utsleppsfrie ferjer, men då må løyvingane stå i stil med dei faktiske kostnadene for ei slik satsing. Forslaget til statsbudsjett 2021 legg ikkje opp til å gje fylkeskommunane økonomisk handlingsrom nok til å sikre eit framtidsretta og attraktivt ferjetilbod for trafikantar og næringsliv på Vestlandet utan svært negative konsekvensar for brukarane eller andre fylkeskommunale tenester.

Hordaland fylkeskommune fekk åleine 300 millionar kroner i auka årlege driftskostnader då dei gjekk over til utsleppsfrie ferjer. I sommar vart ferjefylka tildelt samla 150 millionar på deling. Det hjelper, men det står ikkje i forhold til dei faktiske kostnadane ein her har med å gjere. Dei auka kostnadane med utsleppsfrie ferjer vil koste oss om lag det same kvart år framover. Då må også statsbudsjettet innarbeide eit kompensasjonsopplegg som løyser finansieringsutfordringa for ferjefylka. Også den viktige snøggbåtdrifta langs kysten og i fjordbassenga er under press. Med regjeringa si innføring av det såkalla kystlinjeprinsippet, er Rogaland fylkeskommune no i ein situasjon kor vidareføring av båtrotene i fylket er underfinansiert med 90 millionar kroner.

Smertefulle salderingar og ferjeopprør

Når dei økonomiske rammene ikkje er tilpassa denne satsinga, vert resultatet høgare takstar eller at det må gjerast smertefulle kutt andre stader for å saldere budsjetta våre. Og det merkast, med dei summene det her er tale om. På grunn av dei auka kostnadene, har det tvinga seg fram høgare billettprisar som utløyser sterke lokale reaksjonar.

I Møre og Romsdal er takstane høgare enn dei bør vere, og konsekvensane for trafikantar og næringsliv i bu- og arbeidsmarknadane er store. Fleire historiar i media fortel om personar som må seie opp jobben eller flytte som ein konsekvens av takstane. Det gjer inntrykk, og for små lokalsamfunn kan slikt vere kritisk. Då kan resultatet bli eit nytt og endå større ferjeopprør enn det vi har sett tidligare.

Vestlandsrådet forventar at forhandlingane om statsbudsjettet for 2021 endar opp med kompensasjonsordningar som gjer at fylkeskommunane får handlingsrom til å levere eit ferje- og snøggbåttilbod i samsvar med krav til reduksjon i klimagassutsleppa og brukarane sine transportbehov. Det er svært uheldig at auka kostnader i dette nødvendige transporttilbodet må salderast med urimeleg takstauke eller kutt i andre viktige fylkeskommunale tenester.

Med helsing

Jon Askeland
Leiar i Vestlandsrådet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift